



KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

29. Årg.

APRIL 1975

Nr. 3

Helsing til 1975 Konfirmantane

Når dette nummeret av Kyrkjebladet kjem rundt i heimane i Vaksdal prestegjeld, er det like før konfirmasjons-søndagane tek til. I alt vil 86 gutar og jenter bli konfirmert, og til alle desse unge vil me gjerne senda ei personleg helsing gjennom dette bladet.

Kjære konfirmant,

Du som synest livet tek til å bli alvorleg, so mange spørsmål trengjer seg inn på deg i stille stunder, — Korleis skal du leva livet. — Kva skal du bli i livet. — Kva skal du tru. — Kva skal du få ut av ditt liv, ja kva er meininga med livet? Når desse spørsmåla kjem, so hugs at det er ein som gjerne vil og som kan hjelpa deg. Det er Jesus! Tal ut med han og du skal finna at han har ein plan med ditt liv.

Og du som er på rastlaust jag etter lukke og fridom i livet. Der er ein som kan gjere deg verkeleg fri og lukkeleg. Det er Jesus! Når du møter Alvoret i livet, og gjerne ein dag spør:

Var ikkje livet noko meir enn dette? — so gå til han som er Veggen Sanninga og Livet. Han har gjeve livet meining for so mange unge som hadde det på same måten som du.

Kjære konfirmant: La ikkje konfirmasjonen bli ditt farvel til Gud og til Jesu Kristi Kyrkja på jord. Det var ikkje slik det var tenkt. Tvert imot, konfirmasjonen skulle vera din inngang som vaksen lem i di kyrkja. Frå no av er du ogso velkomen, saman med dei vaksne, til Herrens nattverdbord.

La dei versa vi sang so ofte i konfirmasjonstimane fylgja deg på konfirmasjonsdagen og i dagane som kjem.

*Din Frelsar seg på deg i dag,
Og spør om du vil halda lag,
So han får trufast leida deg,
På livsens fårefulle veg.*

*Han vil deg leida trutt og trygt
Og fria deg frå vondt og stygt
Han lækja vil kvart sår og mein,
Og gjeva gleda rik og rein.*

«Søk Herren mens han finnes, kall på han den stund han er nær»

Me treng å stansa ved desse enkle orda som Jesus seier til oss i denne rastløse tid som me lever i. Mange seier at Kristendomen og frelsen passar best for eldre folk. Men kva står det? «Lær den unge den veg han skal gå, så vil han ikkje vike frå deg sjølv om han vert gamal.»

«Et ungdomsliv er skjønt som morgenrøden, Når kun det leves rent i Herrens frykt. Det knekkes ei av stormver eller døden, Når det på Klippen Jesus Krist er bygt.

Når kan den unge livets sti bevare? Så den er lys og ren ved dag og natt? Det skjer alene når Guds ord det klare, Er lys og liv og hjertets skatt.»

Kristendomen passar for alle mennesker.

Andre seier gjerne: «Dette med frelsen vil me venta med til me vert sjuke eller gamle». Men dessverre er det mange som ikkje får anledning til å verte frelst på sjukeseng, eller når dei vert gamle. Me syng: «Da er det for sent til å tenke seg om.»

Jesus seier så varmt og så mildt at han kan. «Søk Herren mens han finnes, kall på ham den stund han er nær.» Eg hugsar godt vekking under siste verdenskrig i 1940-50 åra. Då var det orgelbrus og nød i sjelene. Dei fleste hugsar vel det store vekkingsmøtet i den overfylte kyrkja, då, no Oberstløytnant, Alfred Moen var der. Han song: «En vekkelse kommer så herlig og skjønn, og salig hver stridsmann som beder og tror. Den kommer fra Himlen som svar på vår bønn. En vekkelse kommer så herlig og skjønn».

Eg var bare 10-12 år, men eg hugsar at eg var med mor og far på det møtet.

Så kom freden, den store dagen 8. mai 1945. — Då gløyndde mange å takka for freden og fridomen Gud gav landet vårt. Samanlikna med mange andre, hadde me det på mange måtar godt i bygda vår. Eg takkar Gud fordi eg fann min Jesus i ungdoms år. «Han går ved min side, Han leder min gang. Han blir ikke trett han som jeg. Og nådig han vokter meg livsdagen lang, Han svikter, Han svikter meg ei. — Han har meg utkåret, så ussel jeg var, Av nåde jeg er nu hans brud. Han skal meg ei slippe, det løfte jeg har, før hjemme jeg er hos min Gud. — Så reiser jeg trygt til mitt herlige land, Tross bølgene skøyhøye går. Om Frelseren sover i båten i blant, Han er dog i båten ombord». Ja, det lønner seg å tru på Gud!

*Helsing frå ein utflytta
«Stamnesing».*

Prostemøte 1975

Prostimøtet for Hardanger og Voss Prosti vert i år på Helgatun, i tida 31. mai — 1. juni. Hovedemnet på møtet vert: «Undervisningsprogram for heim og Kyrkje.» Innleiarar: Sokneprest Tore Kopperud, Ulvik, og lærar Sjur Sekse, Ullensvang. Det er ynskjeleg at det kjem utsendingar frå alle kyrkjelydane til denne stemna.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstytar: Lars Bjørsvik, 5280 Dalekvam
Merarbeidarar: Magne O. Steinnes, Johanne
B. Helle og Magne Hesjedal.
Kasserar Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.
Postgiro nr. 7 23 47. Bankgiro nr. 103385/123.
Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.
Bladpengar kr. 10,— for året.

Ekspd: Skaars Boktrykkeri,
5601 Norheimsund — tfn. 8.

Kjenner du kyrkja di?

5. Kyrkja i Bergsdalen.

Bergsdalen Kyrkje ligg fritt og vakert til på Lid, omlag midt i dalen.

Fram til 1. januar 1964 høyrde Bergsdalen sokn til Evanger Prestegjeld, men etter den tida høyrer Bergsdalen til Vaksdal Prestegjeld og skal ha 10 gudstenester årleg. Det er langt frå Bergsdalen til Evanger, og tanken på, og trongen etter å få ei kyrkje i Bergsdalen mognast gjennom mange år. Det som vel løyste ut krefte, og fekk arbeidet i gang, var kan henda gávur som kom frå folk som var flytte frå Bergsdalen. Frå ein slik kom det Kr. 1.000,— til Kyrkjeklokka. Arbeidet for å reise kyrkja kom i gang. Frå statskassa kom det ikkje noko. Men ved basarar, tilstellingar og innsamlingar, samla bygdefolket i Bergsdalen inn omlag kr. 90.000,—. Ein liknande sum kom frå Evanger kommune. BKK og Dale Fabrikker A/S gav ogso midlar til kyrkja. Sist, men ikkje minst, må nemnast at det meste av arbeidet vart utført ved dugnad. Gjennom fleire år vart det hogge og drege stam til kyrkja. Arki-

tekt L. Tvilde teikna kyrkja og ho har 120 sitjeplassar.

Vakker, stilfull i hoggen stein, stod kyrkja ferdig og vart vigsla 1955.

I 1968 fekk kyrkja altartavle, måla av Ole Gabriel Dahl. Tavla har tre felt. Kristus i midten og Elia og døyyparen Johannes, ein på kvar sida.

Kyrkja i Bergsdalen er einaste kyrkja i prestegjeldet som har kyrkjelydsal med vel utstyrt kjøken. Denne er mykje brukt til søndagsskule, møter, basarar og samling ved gravferd og liknande. Godt ville det vera om alle kyrkjene våre fekk slikt utstyr. Altarsylvet og utstyr elles er gáver frå Bergsdalen Husmorlag.

I 1974 kom ei fin gáve til Bergsdalen kyrkje. Karoline Kallestad gav, frå seg, på vegar av avlidne brør, eit mykje fint og godt piano. Det skal stå i kyrkjesalen og vart vigsla til bruk i september 1974.

Bak kyrkja i Bergsdalen står ei samla bygda som har vist stor interesse og offervilje for å reise kyrkja. Og kyrkje vil stå der, i tider som kjem, som eit vakkert minne om den generasjon som bygde kyrkja. — Og som eit kall til komande slekter til å høyre og ta imot den glade bodskapen som vert forkynt i kyrkja.

Konfirmasjon 1975

Konfirmasjonar 1975 vert haldne på desse dagane:

Dale og Vaksdal Kyrkje 4. mai.
Stamnes og Bergsdalen 11. mai.
Eidsland og Eksingedalen 25. mai.

Kyrkjeferd for 50 år sidan

Framhald frå førre nr.

Etter preika var det barnedåp. Det var gjerne 4-5 born same dag, for det var lenge mellom gudstenestene. Det var både spaning og høgtid når kvinnene som oftast var i bunad, kom inn i koret med borna, og dei mannlege fadrane stilte seg opp på golvet. Spaninga var stor: Kva var namnet på det og det barnet?

Etter at gudstenesta var slutt, samla folket seg ute på kyrkjegarden, det skulle vera jordfesting på dei som var gravlagde sidan siste gudstenesta, for presten var aldri med i gravferder den tida. Det var for langt å reisa for han det. På gravene stod det ein påle som medhjelparen tok bort. So lydde salmehongen og Guds ord utover den stille garden. Og presten kasta tre skuffer jord på gravene. Det var gjerne fleire jordfestingar, og dei nærast samla seg i kring kvar sine graver. Det var vemod og høgtid over stunda, kvar mintest sine kjære, og turka stille bort ei tåre — —.

So tok folket på heimveg. Men me gjekk bort til bestemor, og snart var me samla kring bordet i den vesle stova hennar. Ho hadde koka kaffi og mor tok fram nista, den smaka godt no. Men me borna sat og såg på den vesle klokka til bestemor. Ho var so fin, og so visste me at ho kunne spela når ho vart opptrekt. So måtte mor trekkja ho opp so me fekk høyra den fine melodien. Jau, dette var eit under, tenk ei klokke som kunne spela!

Men dei vaksne sat og tala med kvarandre om det som hadde hendt

sidan sist dei såg kvarandre.

Men no leid det på dag, og me måtte tenkja på heimvegen. Far gjekk etter Blakka, ho var utålmodig no. Ho ville heimatt, so me måtte berre koma i vogna snarast råd. Bestemor fylgde oss ut på trappa, der stod ho og stødde seg på staven sin og vinka etter oss so lenge ho såg oss.

Ein gild kyrkjedag var til ende
Johannes Haugen.

85 år

For ikkje lenge sidan var eg og helsa på Johannes Vassenden, som er frå Stamnes, men bur no i Bergen. (På Tertnes). Han har fylt 85 år.

Det var ein søndag for over 60 år sidan, han kom frå kyrkja på Stamnes. I dei dagar gjekk kyrkjevegen forbi husi våre. Han kom inn på tunet og helsa på oss, me var nokre born som leika der. Eg hugsar han sa til oss: «Jesus er glad i deko.» Dette har eg alltid minnst sidan, når eg har kome han Johannes ihug. Ordet seier: «Kast ditt brød på vanet, og du vil i tidens løp finna det att.»

Helsing Olav Leiren.

Hausvik og Faugstad ^{A/S}

Vaksdal

Telefon 3603.

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE:

DALE:

Johnny Arnt Kolås, fødd 19. nov. 1974, døypt 2. mars 1975.

Rita Erntsen, f. 10. desember 1974, døypt 2. mars 1975.

VAKSDAL:

Odd-Rune Hvidsten, f. 19. jan. 1975, døypt 23. mars 1975.

EIDSLAND

Johnny Myster, f. 18. desbr. 1974, døypt 27. mars 1975.

VIGDE:

DALE:

Roald Solberg og Jorunn Kvamme, vigde 15. mars 1975.

AVLIDNE:

DALE:

Ivar Fasteland, fødd 31. mai 1896, døydde 24. febr. 1975, gravlagd 1. mars

Tilli Sääv f. 19. sept. 1900, døydde 23. febr. 1975, gravlagd 3. mars.

VAKSDAL:

Johannes Haugen Herfindal, f. 22. apr. 1895, døydde 9. febr. 1975, gravlagd 14. febr.

Einar Eriksen, f. 29. okt. 1889, døydde 3. mars 1975, gravlagd 8. mars.

Christian Nordby, f. 26. nov. 1895, døydde 6. mars 1975, gravlagd 12. mars

EIDSLAND:

Borghild Straume, f. 6. juli 1913, døydde 27. febr. 1975, gravlagd 7. mars.

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvare

Frukt og grønnsaker

Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam

Telefon Dalekvam 2261

Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull metervarer
Strikke- jakker og gensere

Klipp frå andre:

Ein tale i eit rettslokale der nokre ten-åringar sat på anklagebeken, er gått igjen i mange aviser og blad, sikkert fordi den har adresse til mange fleire enn dei uulkkelege som sat der. Her er noko av talen:

«Alltid høyrer vi klynk og klage fra friske tenåringar: «Hva skal vi ta oss til? Hvor skal vi gå?» — Svaret er: «Gå hjem og klipp plenen, lakker golvene, press de krøllete benklærne deres, driv idrett, gå en tur i skog og mark, hjelp en syk eller gammel som trenger en sterk hånd» — «Ta en tørn for Frelserarmeen med koks- og vedbæring for ensomme gamle. Kort sagt: Gjør noe og slutt med bare å kreve og være skrikeunger». — «Deres foreldre som gir dere kostbar utdanning og adspredelse, byen eller hjemmet skylder dere ingen lettvinnet leveveg. Du derimot skylder verden noe! Du skylder den din tid, din energi og ditt talent! Deres foreldre har gitt avkall på hårt tiltrengt komfort, bare for at dere kunne få det aller beste. Dette har de gjort med glede, for dere og deres dyrebare skatt. Dere har ingen rett til å kreve at samfunnet alltid skal ligge på kne for dere og gi etter for deres egoistiske og lunefulle innfall! Hva venter dere på? Gå hjem og bli voksne»!



Johannes Haugen Herfindal til minne

Du hørde dalen til, no er du borte. — Plassen din i Haugen er tom. Aldri skal me få kjenna ditt faste håndtrykk til velkomst og farvel. — Aldri meir få kjenna varmen av ditt lune vesen og ditt gode humør. Aldri meir få lytta til din forteljargivnad. — Vi saknar deg. — Likevel unner vi deg kvile heime hjå Gud, etter smerte og kamp. — Ditt smil er stivna i døden, du har lagt ned din vandringsstov, og i byte fått ei kista og ei grav. Du er gøymd — men ikkje gløymd.

Signe minnet ditt!

Margit Drageide.

Frå årsmeldinga for Dale 1974

Vår avhaldne sokneprest Skiftun fekk avskil i nåde frå 15. mars. Sokneprest Knut Sellevold hjelpte mykje til med gravferder og gudstenester i den tida Bjørsvik var åleine. Res. kap. Magne Olav Steinnes vart utnemnd til ny res. kap. og tok over i januar 1975.

Dette er første året Vaksdal høyrer til Hardanger og Voss Prosti. Prostimøtet var på Helgaton 25.—26. mai. Det vart eit oppbyggelegt og rikt samver. Arbeidet i Guds rike vart diskutert, og ulike arbeidsformer drøfta. — Orgelet i Dale kyrkje har fått ny luftfuktar. Arbeidet på gravplassen på Stanghelle har halde fram, men endå står noko att. På budsjettet er

ført opp gangsti med rekkverk mellom den gamle og den nye gravplassen. Organiststillinga på Dale er frå 1. januar 1975 gått over til å vera full stilling. I året har det vore halde 7 soknerådsmøter og ialt er 36 saker vore handsama.

Til slutt vil eg takka alle soknerådsmedlemmer for godt samarbeid.

Håkon Helle.

Fin insats av barna ved Vaksdal skole

Barna samlet inn til Kirkens Nødhjelp gjennomsnitlig vel kr. 11,— pr. barn.

To elever ved Vaksdal skole kom med en stor pose til prestekontoret. Det var nær på kr. 1200,— til Kirkens Nødhjelp. Etter posens størrelse og tyngde kunne en ikke være i tvil. Imponerende innsats, spesielt av 4. klasse som alene samlet inn kr. 782,71. Vi er glade for at barn på denne måten føler ansvar for den verden vi lever i.

Vi vil ellers få takke for alt som kom inn til Kirkens Nødhjelp under faste-aksjonen.

M. St.



Dale Servicestasjon
THORE ROGNVED
Tlf. 2189 Dalekvam

Bensin — Dekk — Rekvisita

Eidsland Samvirkeleg

EIDSLANDET

Filial: Lavik

GUD SYNER SIN KJÆRLEIK MED
DI KRISTUS DØYDDE FOR OSS
MEDAN ME ENDA VAR SYNDARAR.

Rom. 5:8.

Veikomen til Kyrkja Gudstenester

3 søndag etter Påske, 20. april:

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Eidslandet Kapell kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.

4 søndag etter Påske, 27. april:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Familiegudsteneste. Song av Dale kyrkjesongskule. Barne-koret.

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd. Offer til Norsk Luthersk Misjons-samband.

Torsdag 1. mai:

Dale Kyrkje kl. 9.30. Sekretær Frants Ingebrigtsen og sokneprest Bjørsvik. Kollekt til Kristne Arbeideres Forbund.

Vaksdal Kyrkje kl. 9.30. Res. kap. Steinnes og ein utsending frå Kristne Arbeideres Forbund. Kollekt til Kristne Arbeideres Forbund.

5. søndag etter Påske, 4. mai:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Konfirmasjon. Sokneprest Bjørsvik. Kollekt til Soknerådsarbeidet. Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Konfirmasjon. Res. kap. Steinnes. Kollekt til Soknerådsarbeidet.

Kristi Himmelfatsdag 8. mai:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Eksingedalen Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Nesheim Kyrkje kl. 16.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Kirkens Nødhjelp. Nattverd.

6. søndag etter Påske, 11. mai:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Konfirmasjon. Res. kap. Steinnes. Offer til Soknerådsarbeidet.

Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Konfirmasjon. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Soknerådsarbeidet.

17. mai:

Dale Kyrkje. Sokneprest Bjørsvik. Kollekt til Kirkens Nødhjelp.

Vaksdal Kyrkje. Res. kap. Steinnes. Kollekt til Den Norske Sjømannsmisjon.

Stamnes Kyrkje. Sokneprest Bjørsvik. Kollekt til Kirkens Nødhjelp.

Eidslandet Kapell. Res. kap. Steinnes. Kollekt. (Sjå elles kunngjering i Bladet «Bruvik»)

1. Pinsedag, 18. mai:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Høgtidsgudsteneste. Offer til Santalmisjonen.

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Høgtidsgudsteneste. Offer til Nordhordlands Indremisjon.

2. Pinsedag, 19. mai:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Res. kap. Steinnes.

Trienings-søndag 25. mai:

Eidsland Kapell kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Konfirmasjon. Kollekt.

Eksingedalen Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Konfirmasjon. Kollekt.

Vaksdal Kyrkje kl. 18.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Arth. og Arne Vaksdal
HANDEL

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161
Stanghelle — Vaksdal — Dale

DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co

Tlf. 2193 — Dalekvam

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

DALE, Tlf. 2421 Frå Til
Måndag, Tysdag. Ons-
dag og Fredag .. 8.30 15.00
Torsdag 10.00 17.30

VAKSDAL, Tlf. 3605
Tysdag og Fredag 8.30 15.00
Torsdag 10.00 17.30

STAMNES, Tlf. 3 a
Måndag frå kl. 9.30 til kl. 14.30

Bruvik Sparebank

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA

Dale Handelsforening
Dalekvam

TOMAS UTSKOTTS
SKOFORRETNING

Dalekvam

RADIOSPECIALEN ^{A/S}
Tlf. 2240 DALEKVAM
RADIO - TV
Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR
SALMEBØKER- SANGBØKER
EIDE & PETERSEN ^{A/S}
Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM
Kolonial & Delikatesse
Tlf. 2323 DALEKVAM

BRUVIK HANDELSLAG
Ass. Landhandel og Bakeri
FILIAL SKAFTÅ

Stanghelle Handel
STANGHELLE

Vaksdal koop. Handelslag
VAKSDAL

Telefon ; Kontor og manufaktur 3712, snarkjøp 3710, kjøtavd. 3711
filial 3713

Kjøp i Dykkar eigen forretning